

Årets Nurseryfinale vart arrangert på Kvinnesland, Tysvær 9-10 november.

35 deltakarar frå heile landet var kvalifisert til finalen.

Region Vest hadde med 6 deltakarar, deriblandt 5 frå Hordaland.

Verdt å merke seg er et det var 3 hunder frå samme kull: Vip og Kraft med fører Ingebjørg Kjærevik,

Og Dip med fører Ivar Haug. Dei er etter Zia til Ingebjørg, og Djerv`s Uno til Rune Landås.



Sander Hindenes med Molly, ho er etter Akersborg Bailey til Sindre Hindenes og Roy til Sander Hindenes.



Stein Dalland med Amy, ho er etter Allie til Audun Seilen og Mac til Arvid Årdal.

Bana var oversiktlig, der ein sto på ein høgde og sendte hundane. Sauen var ei blanding av villsau og pelssau, og var veldig fin tevlingssau. Konkurransen gjekk over 2 dagar, der ein kårer vinnaren samanlagt ved å gange den beste poengsummen med 3, og plusse på den dårligaste poengsummen. Ivar Haug og Dip gjekk eit flott løp lørdag og vann første dag. Sander Hindenes og Molly vart nr 5.

Dag 2 vart Stein Dalland og Amy nr 3, og Sander Hindenes og Molly nr 5.

Samanlagt gjekk seieren til Karin Mattsson med hunden Lucy. Ivar Haug og Dip fekk ein flott 2.plass, Sander Hindenes og Molly 4.plass, Stein Dalland og Amy 9.plass, Ingebjørg Kjærevik med Kraft og Vip endte på 14. og 15.plass.

Oppdretter av beste norskfødte unghund vart Ingebjørg Kjærevik.

Synest at det viser høg kvalitet på hundane frå Hordaland med å ha alle 5 inn blant dei 15 beste, og ekstra kjekt at samtlige er oppdretta i Hordaland. Dette viser gode takter for framtida.....

Foto av Carriz Design

Hordaland Gjetarhundnemnd, Stein B. Dalland